








# SUNDE BARNEHAGE

*Med omsorg for framtida*














2022
2023

Med omsorg for framtida

# KONTAKTINFORMASJON

Rystene 30 – 6037 EIDSNES
Telefon: 957 10 295

Styrar: Britt Kleppe
britt.kleppe@sula.kommune.no




# VELKOMEN!

ALLE I SUNDE BARNEHAGE SKAL KVAR DAG HA EI KJENSLE AV Å VERE VIKTIG OG Å BLI SETT.
VI BYGGJER GODE RELASJONAR OG MØTER BARNEHAGEDAGEN MED OMSORG, REFLEKSJON OG FAGLIGHEIT.

## SOLHØLA

| | |
|---|---|
| Kristina Breivik | pedagogisk leiar |
| Sissel Nyhaug | pedagogisk leiar |
| Lisa Hjelvik | barne- og ungdomsarbeidar |
| Karoline Syversen | barne- og ungdomsarbeidar |
| Tuva Rønning Salen | lærling |

MOBIL: 917 28 447 / 918 06 836

## LOPPEHEIMEN

| | |
|---|---|
| Jeanette Veddegjerde | pedagogisk leiar |
| Anita B. Eikrem | pedagogisk leiar |
| Gjertrud Joan Dvergedal | barnepleiar |
| Catrine Seppola Grimseid | barne- og ungdomsarbeidar |
| Amalie Regine Moldvær Eiksund | barne- og ungdomsarbeidar |
| Anita Fylling | assistent |

Mobil: 468 31 410 / 941 60 146

I permisjon: Tove Solevågseide fagarbeidar

## FINN OSS

IST HOME APP

HEIMESIDE:
https://www.sula.kommune.no/tenester/oppvekst-og-utdanning/barnehage/barnehagar-i-sula-kommune/sunde-barnehage

FACEBOOK:
sundesulabarnehage

LUKKA FACBOOKGRUPPE FOR FORELDRE:
Sunde bhg – lukka gruppe

INSTAGRAM:
@sundebarnehage



# BARNEHAGEÅRET 2022-2023

## FOLK OG RØVERE I KARDEMOMME BY

Dette barnehageåret vil vi sy saman alle fagområde, satsingsområde og fokus gjennom boka "Folk og røvere i Kardemomme by" av Torbjørn Egner. Eit spesielt fokus ligg på fagområdet Kommunikasjon, språk og tekst. Vi får kunnskap om ulike tema og blir kjend med den store sangskatten som hører til boka.

Vi vil bruke ulike arbeidsmetodar for å fordjupe oss. Vi vil lese boka, sjå bilder, lage eigne produkt, synge songane, dramatisere og gå på turar. Dette meiner vi vil stimulere til ei god språkleg utvikling, vil vere med på å utvikle konsentrasjon og stimulere fantasien. Det gjev også barna felles referansar i den viktige leiken. Når alle barn kan noko om det same, finn dei lettare saman i leik.



## DAGSRYTME I BARNEHAGEN

| | |
|---|---|
| Kl.07.45-08.30 | Frukost |
| Kl. 08.30-9.30 | Leik/førebuing til aktivitetar/samling |
| Kl. 09.30-10.30 | Aktivitet/tur/leik |
| Kl. 10.30-11.45 | Måltid |
| Kl. 11.45-13.30 | Leik/soving/kviling/tur |
| Kl. 13.30-14.30 | Fruktmåltid |
| Kl. 14.30-16.30 | Leik/rydding etter dagen |



## PERSONALET OG UTVIKLING

Personalet i barnehagen må vere i utvikling for å alltid søke å betre tilbodet vi gir i Sunde barnehagen. I følgje Rammeplanen skal barnehagen vere ein lærande organisasjon. Dette året vil vi gjennom Rekomp inngå eit utviklingssamarbeid i regi av Høgskulen i Volda der tema er språkutvikling og språkvanskar. Initiert frå kommuneleiinga i samarbeid med IMTEC deltek også barnehagen i eit leiar- og personalutviklingsprogram. Vi vil også starte opp eit internasjonalt utdanningssamarbeid med fokus på berekraft. Fokus vil også ligge på å implementere den nye Oppvekstplanen for Sula kommune og å ta i bruk IPad som arbeidsverktøy for alle tilsette.
Det er eit mål for Sunde barnehage å vere ein interessant arbeidsplass som motiverer dyktige tilsette til å bli verande her, og som er attraktiv i rekrutteringsprosessar.

## PLANAR

VEKEPLANAR
Det vert laga 2-vekesplanar som vert sendt ut til alle foreldre.

ÅRSPLAN
Sunde barnehage deler årsplanen i to delar. Den eine delen ser du på, og er ein kalender. Den andre delen er digital og ligg på heimesida til Sula kommune. Her finn de meir om bakgrunn for val, om leik, samarbeidspartar, korleis vi planlegg, dokumenterer og vurderer verksemda, og mykje anna.

## SOLHØLA

Frå tysdag til fredag vert barna på Solhøla delt inn i grupper. Der vil minst ei av gruppene vere på tur. Barna får såleis meir ro med større moglegheit til å etablere gode leikeøkter, og dette gjev personalet betre føresetnader for å følgje opp kvart enkelt barn. Førskulebarna har også ein eigen plan for året. Det vil vere mykje samarbeid mellom Solhøla og Loppeheimen i år.

## LOPPEHEIMEN

På Loppeheimen er fokuset på dei nære tinga, her er gjentaking og bekrefting viktig. Barna her vert også delt i mindre grupper. Språk og kommunikasjon vert spesielt viktig, og det vil bli jobba med Babblerne, tegn til tale og mykje bruk av sang og musikk. Det vil vere mykje samarbeid mellom Solhøla og Loppeheimen i år.

OVERORDNA FOKUS:
TRIKKEN
– ALLE FÅR VERE MED

MoTo-LEIK:
KOORDINASJON

# AUGUST 2022



ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
TRYGG TILKNYTNING

MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
TURVENAR OG TURREGLAR
SPORLAUS FERDSEL




## SIRKLANE MED INNHALD VIL FØLJE KVAR MÅNAD, MED LIKT ELLER ULIKT INNHALD

- Overodna fokus vil innehalde fokuset vi har i Kardemomme by
- MoTo -står for MoTorisklæring. Her følgjer det med aktivitetskort for kvar månad slik at vi sikrar ei god motorisk opplæring og utvikling gjennom året. Opplegget er lokalt laga i Sula kommune og er laga i samarbeid med fysioterapeut, ergoterapeut, folkehelsekoordinator m.fl. MoTo er ein del av fagområdet i Rammplanen som heiter Kropp, rørsle, mat og helse.
- Årshjul for psykisk helse er også felles for barnehagane i Sula, og vil sikre at vi arbeider med viktige tema som gir barna eit godt grunnlag for å bygge seg ei god psykisk helse.
- Månadens friluftslivsfokus er spesielt for oss på Sunde. Vi bruker den flotte naturen rundt oss mykje og aktivt. Særleg Solhøla er mykje på tur. Det er viktig for oss å ta vare på naturen, og sjå på han som ein sjølvsagt del av vår kvardag.

Heile Loppeheimen er prega av Babblerne, og det vil det vere heile året. I dette pedagogiske programmet arbeider vi med øving på lydar og har blant anna fokus på pronomen, preposisjonar og verb.
Dei først vi møter er Bibbi, Bobbo og Babba. Kva er eigentleg i Bobbo si veske?
Denne boka er ein hit blant dei minste på Loppeheimen. Hos Babblerne kan vi også lære teikn til tale.



| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 31 | 1 VELKOMMEN TIL NYTT BARNEHAGEÅR! | 2 | 3 | 4  EVEN 2 ÅR FRIDA 2 ÅR | 5 | 6 | 7 |
| 32 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 |
| 33 | 15 | 16 | 17 | 18 Planleggingsdag. Barnehagen stengt. | 19 Planleggingsdag. Barnehagen stengt. | 20 | 21 |
| 34 | 22 | 23  Førskuledag | 24  Svømming for dei eldste | 25 | 26 | 27 | 28 |
| 35 | 29 | 30  Førskuledag | 31  Svømming for dei eldste | | | | |
| | | | | | | | |

# SEPTEMBER 2022





OVERORDNA FOKUS:
TRIKKEN
– ALLE FÅR VERE MED

MoTo-LEIK:
BALANSESANS

ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
TRYGG TILKNYTNING
OG FAMILIE



MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
ALLEMANNSRETTEN
OG FRILUFTSVEKA

## TRYGG TILKNYTNING

Å ta trikken i Kardemomme by er ekstra stas. Og Trikkefører Syversen er en vennlig mann - så alle får vere med. Vi vil bruke trikkemetaforen for å tematisere inkludering – alle skal få vere med og vi er venner med alle. Fellesskapet vi har i barnehagen, eller i trikken om du vil, arbeider vi med spesielt i starten av året - vi knyter nye venskapsband, held gamle ved like og lærer at vi kan stole på kvarandre. Men det blir vel litt action også - kjem røvarne og røver trikken?

Familien vår er ein trikk i seg sjølv, og av og til stoppa han på Sunde barnehage. Det er viktig for barna å vise fram familien sin og vere stolt av den. Det er også viktig at familien kjenner barnehagen og det miljøet barna er i mange timar om dagen.

Trygg tilknyting er sentralt i små barn sitt liv. Vi skriv i vår pedagogiske plattform: Tilknytningsteoriar, som tryggleikssirkelen er ein del av, gir oss nokre viktige refleksjonar rundt dette. Det å kunne knytte seg til eit anna menneske, å ha tillit til at omsorgspersonen er der uansett, gir grobotn for utforsking og sjølvstende. Dette gir også muligheit for livslange relasjonar, og det lærer barna å kunne stole på andre.



FORELDREMØTE I BARNEHAGEN
ONSDAG 7. SEPTEMBER.



FREDAG 30. SEPTEMBER
ER DET BRANNVERNSDAG
I BARNEHAGEN

VI MARKERER
FRILUFTSLIVET SI VEKE
SOM ER 3.-11. SEPTEMBER



| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 35 | | | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| 36 | 5<br>Supersundekoret | 6<br>Førskuledag | 7<br>Svømming for dei eldste<br>Foreldremøte | 8<br>HJALMAR 4 ÅR | 9<br>SuperVaskeDagen | 10 | 11 |
| 37 | 12<br>Supersundekoret | 13<br>Førskuledag | 14<br>Planleggingsdag.<br>Barnehagen stengt. | 15 | 16 | 17<br>NOÈL 3 ÅR | 18<br>TRUDE 1 ÅR |
| 38 | 19<br>GRUPPE-<br>FOTOGRAFERING<br>Supersundekoret | 20<br>JENNY R.F. 3 ÅR<br>Førskuledag | 21<br>Svømming for dei eldste | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 39 | 26<br>Supersundekoret | 27<br>KASPER 4 ÅR<br>Førskuledag | 28<br>Svømming for dei eldste | 29 | 30<br>Brannvernsdag | | |
| | | | | | | | |

# OKTOBER 2022

## TOBIAS I TÅRNET

Tobias i tårnet står høgt i tårnet og ser mot nord, sør, aust og vest. Men kvar er det? Vi vil undersøke desse himmelretningane; i barnehagen, på tur, på kart og kompass. Vi vil ta i bruk digitale hjelpemiddel og finne ut kvar Sunde barnehage ligg i verda. Rammeplanen for barnehagar seier i fagområdet Mengd, rom og form at vi skal leikande og undersøkande arbeide med blant anna samanlikning, sortering, plassering, orientering og visualisering. Gjennom det skal barna få ei positiv undring og motivasjon til problemløysing - noko som er viktig når dei seinare skal bli introdusert for kompliserte matematiske oppgåver i skule og elles.

Barna i barnehagen er ulike i alder og treng uilke tilpasningar til tema. Ein del av orienteringomgrepet inneheld også preposisjonane, som td. opp på, nedanfor, under, mellom, i osv. Babblarna lurer blant anna på kva som er i Bobbo si veske. Vi ser at preposisjonar kan vere vanskelig for enkelte barn å lære. Det er viktig at vi ikkje rettar på barna når dei bruker feil preposisjon, men gjentek setninga og sjølv bruker riktig preposisjon.





Vi vil ta ta med barna i undring og skaping av innhaldet vårt rundt orientering. Tobias har jo ein stor kikkert, skal tru kva han ser mot nord?

Eller mot sør? Eller kanskje han peiker kikkerten rett opp mot verdsrommet?




OVERORDNA FOKUS:
TOBIAS I TÅRNET

M.T.-LEIK:
BERØRINGINGSSANS

ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
MANGFALD

MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
ORIENTERING

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 39 | | | | | | 1 | 2 |
| 40 | 3<br>Supersundekoret | 4<br>Førskuledag | 5<br>Svømming for dei eldste | 6 | 7 | 8 | 9<br>LIAM ALEXANDER B. 2 ÅR |
| 41 | 10<br>Supersundekoret | 11<br>SuperVaskeDagen | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 |
| 42 | 17<br>Supersundekoret | 18<br>Førskuledag | 19<br>Svømming for dei eldste | 20<br>Foreldrekaffi<br>SOLHØLA | 21<br>Foreldrekaffi<br>LOPPEHEIEN | 22 | 23 |
| 43 | 24<br>FN-dagen<br>Supersundekoret | 25<br>NOAH 4 ÅR<br>Førskuledag | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 |
| 44 | 31<br>MILINA 2 ÅR | | | | | | |

HAUSTFERIE I SKULEN

# NOVEMBER 2022

## TOBIAS OG VÊRET

Når Tobias står og kikar mot nord, sør, aust og vest arbeider han med ei vêrmelding for Kardemomme by. Og i november bruker det å vere mykje vêr. Vi vil måle nedbør og temperatur, sjå kva internett kan vise oss av vêrmeldingar og reflektere over kvifor det blir mørkare og kaldare no på hausten. Vi treng alle grunnleggande forståing om korleis vêret er og forandrar seg. Då kan vi tenke berekraftig og ta gode val for å minske dei menneskeskapte klimaendringane.

Natur, miljø og teknologi-fagområdet i rammeplanen seier at barna skal hjelpast til å vere nysgjerrige på naturvitenskaplege fenomen og utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen. Dei internasjonale STEM-fagområda (science, technology, engeneering and math) blir sett på som avgjerande for å oppnå bêrekraftmåla til FN.



OVERORDNA FOKUS:
TOBIAS I TÅRNET

MoTo-LEIK:
STABILITET OG BALANSE



ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
VENSKAP

MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
VÊRET

Ulike tilnærmingar vil vere nødvendig, då barna i barnehagen er ulike. Barna på Loppeheimen lærer best ved sansing og oppleving, medan dei eldre kan forstå betre samanhengar og kan lære gjennom samlingar og aktivitetar. Alle barn lærer likevel best gjennom å leike!

Diddi, Dadda og Doddo er tre figurar i Babblerne. Vi vil jobbe med adjektiv, og då særlig fargar. Diddi har mange fine fargar.





## VISEN OM VÊRET

Når det lakker i mot høst
Og det blåser i fra øst
Blir det regn og ruskevær
Både her og både der
Og i Kardemomme by
Søker alle folk i ly
Hvis man ikke har en diger paraply

Kommer vinden i fra nord
Og det blåser og det snor
Da er vinteren like her
Og vi trenger tykke klær
Den som ikke da vil gå
Med de tykke klærne på
Kommer til å fryse nesa nesten blå

Kommer vinden i fra vest
Kan det bli en farlig blest
Den kan komme veldig fort
Så man nesten blåser bort
Den som da har paraply
Han kan komme til å fly
Så han nesten blåser bort fra våres by

Men når vinden står fra sør
Blir jeg straks i godt humør
For da er det lett å spå
For da pleier vi å få
Deilig sol og sommer her
Og jeg roper til enhver
Hallo, hallo, nå blir det deilig sommervær

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 44 | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| 45 | 7<br>Supersundekoret | 8<br>Førskuledag | 9 | 10 | 11<br>DEMID 5 ÅR<br>BlimE! DANSEN | 12 | 13 |
| 46 | 14<br>Supersundekoret | 15<br>Førskuledag | 16 | 17 | 18<br>LUKAS 1 ÅR<br>SuperVaskeDagen | 19 | 20 |
| 47 | 21<br>Supersundekoret | 22<br>Førskuledag | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 |
| 48 | 28<br>Supersundekoret | 29<br>Førskuledag | 30 | | | | |
| | | | | | | | |

# DESEMBER 2022



OVERORDNA FOKUS:
JUL I KARDEMOMME BY

M.T.-LEIK:
HØRSELSSANS



ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
FAMILIE

MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
MØRKETID

## LYS I MØRKET

Desember er ein månad prega av mange tradisjonar og festar, også i barnehagen. Vi er kreative, pyntar og gjer det fint rundt oss. Kreativiteten viser vi også igjen i gåvene som barna vil lage til nokre i familien sin. Gjevarglede og rausheit er viktige omgrep i jula. Ta godt i mot gåvene frå barna – dei har gleda seg til å gje dei til dokke.

Desember er også ein månad med lukter og smakar. Vi blir kjent med ulike krydder som kanel, anis, nellik og ikkje minst Kardemomme! Viktig med nok kardemomme i lussekattane. Fagområda Nærmiljø og Samfunn og Etikk, Religion og Filosofi omtalar toleranse og interesse for kultur og tradisjonar som viktige område i barnehagedagen. Dei som ynskjer kan bli med i julegudsteneste i Indre Sula kyrkje.

Desember er ein mørk månad ute. Kan vi gjere han lysare? Kan vi finne ut kvifor det er viktig å bruke refleks? Vi går i Luciatog og lagar lys i mørket.



FREDAG 9. DESEMBER
ER DET NISSEFEST I BARNEHAGEN



TIRSDAG 13. DESEMBER
ER DET LUCIAFEST I BARNEHAGEN

# GOD JUL

TIL SMÅ OG STORE

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 48 | | | | 1 | 2<br>MATHEUS 5 ÅR | 3 | 4 |
| 49 | 5<br>Supersundekoret | 6<br>Førskuledag | 7 | 8 | 9<br>NISSEFEST | 10 | 11 |
| 50 | 12<br>Supersundekoret | 13<br>ISABELLE 3 ÅR<br>LUCIAFEST | 14 | 15 | 16 | 17 | 18 |
| 51 | 19<br>Supersundekoret | 20<br>Førskuledag | 21 | 22 | 23 | 24<br>Julaftan<br>Barnehagen er stengt | 25<br>1. juledag |
| 52 | 26<br>Barnehagen er stengt<br>i veke 52<br>2. juledag | 27<br>JULEFERIE | 28 | 29 | 30 | 31<br>Godt nytt år! | |
| | | | | | | | |

# JANUAR 2023

OVERORDNA FOKUS:
RØVARANE RØVER TANTE SOFIE



ÅRSHJUL PSYKISK HELSE:
SOSIAL KOMPETANSE

MoTo-LEIK:
GRUNNLEGGANDE AKTIVITET



MÅNADENS FRILUFTSLIVSFOKUS:
VI LAGER MAT PÅ BÅL





Vi startar det nye året dramatisk. Røvarane røver tante Sofie og tar ho med, sovande i ei hengekøye, heim til huset sitt – der det bur ei løve. Men dette går jo ikkje heilt som planlagt. Her blir det rom for mykje god leik og samtaler om rett og gale, etikk og korleis vere saman.

Tante Sofie er opptatt av å ha det reint og ryddig rundt seg, noko røverane ikkje er opptatt av.

På tur er det ekstra viktig å ha det ryddig rundt seg. Vi passar på at vi ikkje rotar til i naturen.




## TANTE SOFIES VISE

Å fy'a meg, Å fy'a meg her er det mye rot!
Og støv, og lort, og fanteri og alt slags gammelt skrot!
Men Jesper skal få henge i å rydde alt han kan
Og etterpå skal han ut og hjelpe Jonathan
Nei!
Jo!

Og Kasper skal hogge ved og fyre likadan
For vi skal komme til å bruke ganske mye vann.
Og Jonathan skal vaske opp,
Den saken den er grei.
Og etterpå skal alle sammen ut og vaske seg
Nei!
Jo!

Og ørene til Jonathan var fullt av rusk og rask!
Og Jespers nakke likedan, skal ha en grundig vask!
Og hvis han ikke vasker seg skal det bli annen dans
Med skrubb og børste kommer jeg og skrubber nakken hans!
Nei!
Jo!

Og røverne skal lære seg og henge, ordentlig i.
Og ingen slipper unna før om kvelden klokka ni.
Og ikke vil jeg vite av at noen svarer meg
Og alle gjør som jeg har sagt, for det bestemmer jeg!
Nei!
Jo!

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 52 | | | | | | | 1 Nyttårsdag |
| 1 | 2 VELKOMMEN TIL 2023 Supersundekoret | 3 Førskuledag | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 |
| 2 | 9 Supersundekoret | 10 Førskuledag | 11 | 12 | 13 SuperVaskeDagen | 14 | 15 |
| 3 | 16 DIEGO 4 ÅR Supersundekoret | 17 Førskuledag | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 |
| 4 | 23 Supersundekoret | 24 Førskuledag | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 MAJA 4 ÅR |
| 5 | 30 | 31 | | | | | |

# FEBRUAR 2023




## RØVERSVISE

Vi lister oss så stil på tå når vi skal ut og røve
Vi røver bare det vi må, og det som vi behøver
Nå ligger mørket over land;
I byen sover alle mann
Da drar vi av gårde med sekker og spann,
både Kasper og Jesper og Jonatan

Og kommer vi til bakerns hus
Vi røver ikke mye: -
Litt brød og kaker og litt brus, og så litt drops for bryet
Så hender det at Jonatan
Vil ha en pepperkakemann;
Men ellers så tar vi så lite vi kan,
både Kasper og Jesper og Jonatan
(Ja, Jonatan han skal bestandig ha noe å bite i.)



OVERORDNA FOKUS: RØVARANE OG KARNEVAL

MoTo-LEIK: FINMOTORIKK

ÅRSHJUL PSYKISK HELSE: SOSIAL KOMPETANSE

MÅNADENS FRILUFTSLIVSFOKUS: VI FINN LY FOR VÊRET PÅ TURPLASSANE VÅRE

## KARNEVAL

Februar er karnevalsmånad, og barna får velje
kva dei skal få kle seg ut som av karakterane
i Kardemomme by. Vi ordnar med ansiktsmaling
i barnehagen, og vil lage deler av kostyma
i barnehagen.
INGEN SKAL KJØPE KOSTYMER.



## SAMEFOLKET SIN DAG

Ifølge fagområdet Nærmiljø og samfunn
skal barna få kjennskap til
samisk språk, kultur og tradisjon.

Vi lærer om samisk kultur og tradisjonar i veke 5,
og på 3. februar markerer Samefolket sin dag.

## G-LYDEN

Vi møter Babblarne Gagga,
Giggi og Goggo.

G-lyden kan vere nyttig å øve på.




## SAMARBEID

Samarbeid med andre er viktig for barnehagen. Den viktigaste samarbeidsparten er foreldre, men vi samarbeider også med skulane barna skal begynne i. Framover vil førskulebarna bli betre kjent med skulen sin. De kan lese meir om samarbeidspartar og overgangar på heimesida til barnehagen.

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | | | 1 | 2 | 3<br>CLARA 3 ÅR<br> Vi markerer Samefolket sin dag | 4 | 5 |
| 6 | 6<br>ANDREAS 6 ÅR | 7<br> Førskuledag | 8 | 9 | 10<br><br>SuperVaskeDagen | 11 | 12<br>EMILIE H. 2 ÅR |
| 7 | 13<br> Supersundekoret | 14<br> Førskuledag | 15 | 16 | 17<br><br>Karneval | 18 | 19 |
| 8 | 20<br> Supersundekoret | 21<br> Førskuledag | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 |
| 9 | 27<br> Supersundekoret | 28<br>HANNAH LINNEA 5 ÅR<br> Førskuledag | | | | | |
| | | | | | | | |

VINTERFERIE FOR SKULEN

# MARS 2023

OVERORDNA FOKUS:
RØVARANE BLIR
SATT I FENGSEL

M.T.-LEIK:
KINETISK SANS
OG AUGE-HAND TRENING

ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
SOSIAL KOMPETANSE

MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
NATURMATERIALE I
KREATIVE PROSESSAR

## KUNSTNARISKE UTTRYKK

Røvarane blir tatt på fersken hos Bakaren, og blir satt i fengsel av politimeister Bastian. Vi leiker og prøver på litt skodespel.
Fagområdet Kunst, kultur og kreativitet seier at barna skal bruke ulike teknikkar, material, verktøy og teknologi for å uttrykke seg estetisk og kunstnarisk. Barna skal oppleve skaparglede og får bruke fantasien sin ut frå inspirasjon møte med ulike estetiske, kulturelle og kunstnariske uttrykk.



## SNART PÅSKE

Påska står for døra. Vi fortel den kristne påskehistoria tilpassa barna sin alder og forståing. Vi arbeider med fargen gul og har tradisjonelle påskeaktivitetar.

## KUNSTUTSTILLING

Vi vil samle mykje av kunsten vi har laga i løpet av året og invitere til
**KUNSTUTSTILLING**
ONSDAG 29. MARS.



## RØVERFANGEVISE

Vi må være stille
Så stille som vi kan!
Så skal vi fange røverne
Og sette dem i band
For de er ikke snille
Nå skal de i arrest
For de er like ille
Som røverfanter flest

Hos meg har de tatt biffer
Og flesk og pølsemat
Og oksestek og suppekjøtt
Og rull og servelat
Nå vil jeg ikke mere
Nå skal de i arrest
For de er like ille
Som røverfanter flest

Hos meg som er en baker
Har de tatt wienerbrød
Og boller med rosiner i
Og alleslags fine brød
Nå blir det slutt med kaker
Nå skal de i arrest
For de er like ille
Som røverflanter flest

Vi må være stille
Så stille som vi kan!
Så skal vi fange røverne
Og sette dem i band
For de er ikke snille
Nå skal de i arrest
For de er like ille
Som røverfanter flest



| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 9 | | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| 10 | 6  Supersundekoret | 7  Førskuledag | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 |
| 11 | 13  Supersundekoret | 14  Førskuledag | 15 | 16 | 17  SuperVaskeDagen | 18 | 19 |
| 12 | 20  JOAKIM 3 ÅR  Supersundekoret | 21 Rockesokk   Førskuledag | 22 | 23 | 24 | 25 | 26 |
| 13 | 27  Supersundekoret | 28  Førskuledag | 29  Kunstutstilling | 30  JENNY R.H. 4 ÅR OG EMILIE 6 ÅR | 31 | | |
| | | | | | | | |

# APRIL 2023

OVERORDNA FOKUS:
BRANN I TÅRNET

MoTo-LEIK:
KASTE/SPARKE AKTIVITET

ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
EG OG MEG SJØLV

MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
VÅR OG NYTT LIV

## BRANN I KARDEMOMME BY

Det brenn i tårnet til Tobias – og røvarane må hjelpe til: Det går heldigvis bra, og Kardemomme by får sin første brannmeister. Vi vil ha fokus på brannvern og kva vi skal gjere om det blir brann.
Røvarane blir bevisste og tør å vise kven dei er og kva dei kan etter brannen. Røvarane vert tilgitt det, og det viste seg at det var plass til alle dei i Kardemomme by.

## SJØLVKJENSLE

Å kjenne kva eg likar, kva eg kan, kva eg ikkje likar er viktig for å verte klok på seg sjølv. Dette gjev godt grunnlag for også å verte god på lese andre og vere ein god ven. Det er viktig å ta omsyn til andre, men vi må ikkje gløyme å øve på å kunne ta litt plass sjølve og tole å bli sett - altså sjølvhevding. Dette arbeidet er også eit ledd i vite kva som er ok for meg, kvar grensene mine går og når eg skal seie stopp.

## S-LYDEN

Vi møter Babblerne Sassa, Sissi og Sosso. S-lyden er ofte den lyden som er vanskelegast å differensiere – der er så mange måtar å seie han på; sj, shj, s, skj osv. Vi øver oss allereie på Loppeheimen, men denne lyden er det mange som ikkje har kontoll på før langt oppe i småskulen.






VI YNSKJER ALLE EI RIKTIG GOD PÅSKE!

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 13 | | | | | | 1 | 2<br>Palmesøndag |
| 14 | 3<br>PÅSKEFERIE | 4 | 5 | 6<br>Skjærtorsdag | 7<br>Langfredag | 8 | 9<br>1. påskedag |
| 15 | 10<br>2. påskedag | 11<br><br>Førskuledag | 12 | 13 | 14<br><br>SuperVaskeDagen | 15 | 16 |
| 16 | 17<br><br>Supersundekoret | 18<br><br>Førskuledag | 19 | 20 | 21 | 22 | 23<br><br>ADAM 5 ÅR |
| 17 | 24<br><br>Supersundekoret | 25<br><br>Førskuledag | 26<br><br>MAUD 3 ÅR | 27 | 28 | 29 | 30 |
| | | | | | | | |

# MAI 2023



Mai er ein månad vi kjenner på at vi er glade i landet vårt og mange av dei verdiane vi har her i Noreg. Vi lærer om grunnlovsdagen og feirar demokratiet vårt og at alle får uttale seg fritt.

I mai har vi stort fokus på overgangar. Mange skal begynne på skulen, og har fleire skuleførebuande aktivitetar. Mange skal også bytte avdeling, og vil gjere seg ekstra godt kjent med Solhøla.

Vi har også besøksdagar for dei nye barna som skal begynne i barnehagen frå august. Vi veit at overgangar kan vere krevande situasjonar for mange, og vil legge godt til rette slik at dei går så bra som mogleg. Vi håper at barna kan sjå på endringane med ei positiv forventning.

VI SER OGSÅ FRAM MOT SOMMARFEST I LAG MED FAMILIANE, OG PLANLEGG OG ØVER TIL PROGRAMMET.

OVERORDNA FOKUS:
SCENER FRÅ KARDEMOMME BY

M.T.-LEIK:
HOPPEAKTIVITET

ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
EG OG MEG SJØLV

MÅNADENS FRILUFTSLIVSFOKUS:
PLANTING OG SÅING



**TYSDAG 16. MAI**
feirer vi 17. mai
i barnehagen

**ONSDAG 31. MAI**
Blir det familiefest
i barnehagen

## ATLANTERHAVSPARKEN

Torsdag 4. mai
reiser førskulebarna til
Atlanterhavsparken







Velkomen til
**FAMILIEFEST**
onsdag 31. mai

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 | 1 INGRID 3 ÅR Offentlig høytidsdag | 2 Førskuledag | 3 ODA 5 ÅR | 4 Førskuletur til Atlanterhavsparken | 5 | 6 | 7 |
| 19 | 8 | 9 Førskuledag | 10 | 11 | 12 SuperVaskeDagen | 13 | 14 |
| 20 | 15 | 16 17. maifest | 17 Grunnlovsdag | 18 Kristi himmelfartsdag | 19 Planleggingsdag. Barnehagen stengt. | 20 | 21 |
| 21 | 22 | 23 OSKAR 3 ÅR Førskuledag | 24 | 25 MARIUS 6 ÅR | 26 | 27 | 28 1. pinsedag |
| 22 | 29 2. pinsedag | 30 Førskuledag | 31 Familiefest | | | | |
| | | | | | | | |

# JUNI 2023



**ONSDAG 14. JUNI**
HAR VI REGNBUEFEST I BARNEHAGEN

Kardemomme by er ein inkluderande by. Det er plass til alle, også røvarane. At alle kan få bruke eigne ressursar og bli anerkjente for den dei er, skaper godt grunnlag for eit inkluderande og inspirerande fellesskap. Rammeplan for barnehage deler verdigrunnlaget i sju punkt der fem er eksplisitte verdipunkt; Demokrati, Mangfald og gjensidig respekt, Likestilling og likeverd, Berekraftig utvikling og Livsmeistring og helse. Læreplanverket for skulen har mykje av det same verdigrunnlaget. Under verdiane Mangfald og gjensidig respekt står det: Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene.

Det er fint å tenke på at vi kan vere vener med alle vi møter, det gir oss mange å velge i. Det er også bra å vite at om ein som vaksen blir glad i nokon og vil leve saman, så er det fint uansett kven den andre måtte vere. Vi ferier mangfaldet med ein regnbogefest, der fargane representerer at vi alle er like mykje verdt og at ulikskapane våre tilsaman blir ein nydelig fargepalett.



OVERORDNA FOKUS:
ALLE ER MED
I KARDEMOMME BY

M.T.-LEIK:
UTEAKTIVITET

ÅRSHJUL
PSYKISK HELSE:
MANGFALD

MÅNADENS
FRILUFTSLIVSFOKUS:
VI NYT DEN FØRSTE
SOMMARMÅNADEN
PÅ TURANE VÅRE

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 22 | | | | 1<br>RIKKE 6 ÅR | 2 | 3 | 4 |
| 23 | 5<br>ANDRINE 2 ÅR<br>Supersundekoret | 6 | 7 | 8 | 9<br>Planleggingsdag.<br>Barnehagen stengt. | 10 | 11 |
| 24 | 12<br>Supersundekoret | 13 | 14<br>Regnbuefest | 15 | 16<br>SuperVaskeDagen | 17 | 18 |
| 25 | 19<br>Supersundekoret | 20 | 21 | 22 | 23 | 24 | 25 |
| 26 | 26<br>DAVID 6 ÅR<br>Supersundekoret | 27 | 28 | 29 | 30<br>KYANO 6 ÅR | | |
| | | | | | | | |

FOKUS: SOMMAR-AKTIVITETAR

# JULI 2023



# GOD SOMMAR

## VI GLEDER OSS
## TIL NESTE BARNEHAGEÅR!



JULI ER EIN FERIEMÅNAD

– VI HAR FELLES BARNEGRUPPE I BARNEHAGEN DENNE MÅNADEN OG GJER ULIKE AKTIVITETAR I LAG. MÅNADEN SKAL VERE PREGA AV GLEDE, FELLESSKAP, SPONTANITET, FYSISK AKTIVITET OG LEIK.

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 26 | | | | | | 1 | 2 |
| 27 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 |
| 28 | 10 | 11 |  12 LIAM ALEXANDER P. 2 ÅR | 13 | 14 | 15 | 16 |
| 29 | 17 | 18 | 19 | 20 | 21 | 22 | 23 |
| 30 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 |
| 31 | 31 | | | | | | |




Trykk & design: www.kortshop.no